

Representanten Trude Brosvik har stilt slikt spørsmål

Eg er blitt kontakta frå ein innbyggjar vedkomande det dei ser på som trafikkfarlege situasjonar ved endestopp for bussar på Slettebakken. (Wilhelm Bjerknesvei / Armauer Hansens vei)  
Etter omlegginga av bussrutene (og plassering av kvilebrakke?) er det blitt ei opphoping av bussar, meir enn det er plass til. Og nokre parkerer endåtil på fortauet. Rundkøyringa dei skal snu i, er for lita og bussar ryggar seg opp i ei lita gate og ut att i rundkøyringa. Det er til stor fare for både mjuke trafikantar og andre bilar.

Kan Skysst forklare kva som gjer at det er slik, og kva må til for å betre tilhøva og gjere det tryggare for folk? Føreligg det planar for utbetring?

Avdelingsdirektør infrastruktur og veg:

Det er riktig at det har vore ei omlegging av bussrutene, som har medført at fleire bussar køyrer til Sletten snuplass (Slettebakken). Dette er også ein endehaldeplass kor bussjåførane har pause, før dei startar på nye køyreruter. Det gjer at det her ofte står mange bussar samstundes.

I regi av Miljøløftet er det det no sett i gang eit byggearbeid for å auke kapasiteten inne i bussnuplassen. Det er planlagt at opparbeidinga av den nye løysinga vil vere ferdig i løpet av oktober d.å. Dette vil venteleg føre til at bussane kan stå på ein slik måte at det ikkje oppstår trafikkfarlege situasjonar.